
Fra: Magnulf Rise <mar@rektangel.no>
Sendt: mandag 7. desember 2020 03:10
Til: Postmottak Alver
Kopi: Arne Helgesen; Mikkel Mundal
Emne: SV: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.
Vedlegg: Horisontalplan VA rammepl Søndre Urhaug.pdf; Lengdeprofil VA rammeplan Søndre Urhaug.pdf; SRU_Scanner20112612350.pdf

Hei

Vi har ikkje stilt spørsmål om kva innhald ein rammeplan for VA til ein reguleringsplan skal ha, men om det tekniske grunnlaget ein skal basere seg på.

Etter ein del "om og men" har vi fått vite av utbygger Rune Ullvatn at kommunen er i ferd med å overta dei VA-anlegga han har bygd utfor området mot sørvest. Det vil vere nærliggande å knyte Søndre Urhaug til dette anlegget.

Ullvatn meiner det er kapasitet i anlegget hans for å kunne motta spillvatnet frå framtidige hus på Søndre Urhaug, maks 12 bueiningar. Vi har på den bakgrunn utarbeidd eit førebels konsept utan tekstdel for VA, jf. vedlegg. Vi skulle gjerne ha kontrollert kapasitet av den Ø110 mm spillvassleidningen vi knytter oss til i Veg 4 (?), men har ingen høgdedata for leidningen, Ullvatn kunne ikkje skaffe det.

Vi har lagt til grunn at det er behov for ein brannhydrant/brannventil i det nye feltet og har plassert den øvst i ny tilkomstveg og forsynt den med ei Ø110 mm ny vassleidning frå aust. Dessutan med ei 50 mm leidning for å knyte saman med eks Ø50 mm leidning i Veg 4 for sirkulasjon. Vi er har ingen opplysning om brannvassforsyninga i området i dag, men vil anta det er dels er basert på forsyning frå Ø110 mm endeleidningar.

Overvatnet er samla opp og ført ut i bekken som drenerer dette arealet i dag, det blir moderat auke i den naturgitte avrenninga frå dette området etter utbygging.

Vi ønskjer å fullføre rammeplanen snarast råd er og ber om kommentar/tilbakemelding.

Med helsing
Rektangel AS
Magnulf Rise

Fra: Arne Helgesen [arne.helgesen@alver.kommune.no]
Sendt: 26. oktober 2020 19:22
Til: Magnulf Rise
Kopi: Kjetil Ertvaag
Emne: SV: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Arne Helgesen | Avdelingsleiar Eigedomsforvaltning

Telefon: 959 45 434 / 56 37 56 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Va rammeplan må sendast til postmottak, krav til inhold i ein va rammeplan finn du på Alver kommune si heimeside, bruk Lindås eller Meland, når du velger kommune. Alver kommune er ikkje lagt inn på nettsida enno.

Fra: Kjetil Ertvaag <kjetil.ertvaag@alver.kommune.no>

Sendt: torsdag 22. oktober 2020 14:44

Til: Arne Helgesen <arne.helgesen@alver.kommune.no>

Emne: VS: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Hei Arne,

Har du hørt om tilkobling av avløp i Søndre Urhaug? Sjå mail under.

Vennlig hilsen,

Kjetil Ertvaag | Avd. Leder VVA

Telefon: +47 92861601

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 0



ALVER
KOMMUNE

Fra: Magnulf Rise <mar@rektangel.no>

Sendt: torsdag 22. oktober 2020 14:37

Til: Kjetil Ertvaag <kjetil.ertvaag@alver.kommune.no>

Emne: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Hei

Viser til telefonsamtale i dag.

Adv. Mundal i Bergen har under regulering ovannemnde bustadområde og har fått krav om å utarbeide ein VA-plan. Vi har fått oppdraget.

Sosifiler med kart og kommunalt leidningsnett har vi fått av reguleringsarkitekten. Det ligg eksisterande kommunale spillvassleidningar i nord, dit kan vi sikkert pumpe frå ein pumpestasjon i sør. Mundal meiner det er eit privat avløpsnett i sør som vil bli overtatt av kommunen i nær framtid, men ingen har data om dette, kanskje kommunen har det som byggesaksdokument? Antar det vil bli kortare grøft dit?

Eit forslag til VA-plan basert på pumping nordover ligg ved.

Kva med overløp frå pumpestasjon - tett tank? Slamavsliljar og avløp til bekk?

Vatn kan koplast til eks Ø110 mm i tilgrensande bustadveg i aust, i vest er det bare Ø 50 mm leidning. Ville vel ha vore ein fordel å få desse knytta i saman. Kva med dekning for brannvatn i dette området, hydrant eller brannventil i kum? Blir mating frå Ø110 mm endeleidning bli godkjent?

Vil kommunen kunne overta dette anlegget?

Med helsing
Rektangel AS
Magnulf Rise